

# ”Beowulf”


## ”Beowulf”

☛ ”Beowulf” er eit angelsaksisk heltekvad. Kvadet blir rekna for å vere det engelske nasjonaleposet og er det viktigaste enkeltverket frå angelsaksisk tid (om lag 400–1066).

☛ Forskarane meiner at teksten først er overlevert munnleg, og at han er skriven ned mellom 700 og 1000. Diktaren er ukjend.

☛ Kvadet er skriva på gammalengelsk (angelsaksisk), som er eit vestgermansk språk. Angelsaksarane er etterkommarar av germanske stammar frå Nord-Tyskland og Jylland som invaderte England mellom 400 og 600.

*Første side av ”Beowulf”-kvadet  
i eit manuskript skriva ein gong  
mellom 700 og 1000*



☞ Den engelske forfatteren J.R.R. Tolkien var sterkt inspirert av "Beowulf" da han skreiv *Hobbiten* og *Ringenes herre*. Tolkien var professor i litteratur i Oxford og hadde studert kvadet nøye.

☞ Det finst òg to moderne filmversjonar av Beowulf.



# Innhald

☛ Handlinga i eposet er lagd til Danmark og Sverige i urnordisk tid. Uhyret Grendel herjar i riket til danskekongen Hrothgar. Kvar natt heimsøkjjer Grendel kongshallen og drep mennene til kongen. Da dreg helten Beowulf ut for å hjelpe Hrothgar. Han nedkjempar først Grendel og deretter mor hans, som prøver å hemne sonen.

☛ Seinare blir Beowulf konge i heimlan-



det sitt, Gautland (kanskje dagens Götaland i Sør-Sverige). Siste

del av kvadet skildrar korleis han dreg ut saman med mennene sine for å drepe ein drake som legg landet hans i øyde. Men det er berre éin av mennene som torer møte draken saman med han. Beowulf



*Beowulf i kamp med draken. Til høgre gravhaugen i Skalunda i Götaland der Beowulf skal vere hauglagd.*

maktar å ta livet av draken, men blir sjølv drepen. Han blir så hauglagd av mennene sine.

☞ Samfunnet som blir skildra i eposet, legg stor vekt på eigenskapar som ærekjensle og mot. Oppgåva til kongen er å forsvare landet. Derfor treng han menn som gjer krigsteneste for han, og han lønner mennene sine med våpen, rikdommar og land. Krigarane er høgt verdsette i denne typen samfunn.

☞ Helten Beowulf er prega av ei sterk lagnadstru. Han er overtydd om at det er lagnaden som avgjer når han skal døy. Denne lagnadstrua er djupt forankra i germansk krigartradisjon. Vi finn den same trua også i dei norrøne heltedikta og i islendingesogene.



*Prakthjelm i jarn og bronse funnen i ei svensk båtgrav frå den tida då Beowulf levde.*

# Helte dikt

☞ Alle stammar og nasjonar har segner og mytar som stadfestar kven dei er, kvar dei kjem frå, og formidlar tenkjemåtar og verdiar som er viktige for dei.

☞ Dikta som byggjer på slike segner og mytar frå ei heroisk fortid, kallar vi helte dikt.

☞ Vi reknar dei to eposa til den greske diktaren Homer for den eldste helte diktninga i Europa. I "Iliaden" skildrar Homer kampen om Troja, mens "Odysseen" handlar om den farefulle heimreisa til Odyssevs frå Troja.

☞ Romarane har sitt nasjonalepos i "Æneiden", skrive av diktaren Vergil. Eposet handlar om helten Æneas som flyktar frå Troja og seinare blir stamfar til romarane.



☞ Frå 900-talet blir mange europeiske helte dikt skrivne ned. Samstundes blir dei utvida til omfattande heltepos etter mønster av dei antikke førebileta, med breie skildringar og talrike parallellhandlingar.

☞ Dei mest kjende europeiske helte dikt i tillegg til "Beowulf" er det franske "Rolandskvadet" frå 1000-talet, det spanske helte diktet om El Cid, som blei skapt rundt 1140, og "Nibelungen-eposet" frå tidleg på 1200-talet.

